



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
	Utval for samfunnsutvikling	
	Formannskapet	
	Kommunestyret	

Lokal forskrift om opning for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel ved jakt på hjort i Herøy kommune

Samandrag:

Utval for Samfunnsutvikling vedtok i møte den 09.07.2026 og sende framlegget til lokal forskrift om opning for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel ved jakt på hjort ut på høyring med svarfrist 21.08. Det har kome inn 16 høyringssvar innan fristen. Kommunedirektøren tilrår å vedta framlegget til forskrift slik det var utforma i høyringa.

Kommunedirektøren si tilråding:

Med heimel i viltressurslova § 26a og Forskrift om uttøvelse av jakt felling og fangst §29a fastsett kommunestyret i Herøy kommune forskrift om opning for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel til jakt på hjort slik:

Forskrift om opning for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel ved jakt på hjort i Herøy kommune, Møre og Romsdal

§ 1 Opning for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel til hjortejakt i Herøy kommune

Det er opna for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel ved ordinær jakt etter hjort i ope terreng, i Herøy kommune. Ved ettersøk av påskoten hjort kan restlysforsterkande og termiske siktemiddel også nyttast utanfor ope terreng.

§ 2 Rapporteringsplikt for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel

Jegerar skal rapportere bruken av restlysforsterkande og termiske siktemiddel i Hjorteviltregisteret.

§ 3 Verknadsdato

Forskrifta vert sett i kraft med det same.

Vedlegg:

Høyringssvar - Geir Flø

Høyringssvar - Stig Arne Kvalsvik

Høyringssvar/Innspel - Rune Pettersen

Høyringssvar/Innspel - Kjartan Moltu

Høyringssvar/Innspel - Indre Herøy Storvald

Innspel - Raymond Storvik

Innspel - Kenneth Espeseth

Høyringssvar/Innspel

E-post oversending

Oppmoding om å halde på hovudregelen om forbud mot termiske og restlysforsterkande siktemiddel ved jakt på hjort

Høyringssvar/innspel

Høyringssvar/innspel

Rettleiar for fastsetting - lokal forskrift for opning for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel til jakt på hjort

Høyringssvar/Innspel

Høyringssvar/innspel

Høyringssvar/innspel

Høyringssvar/innspel

Høyringssvar om opning for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel under hjortejakta

Høyringssvar om opning for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel under hjortejakta

Saksopplysningar:

Bakgrunnen for saka er at den nye viltressurslova, Lov om jakt, felling og fangst, trådde i kraft frå 01.07.2026 og Landbruks- og matdepartementet fastsette 26.06.2026 Forskrift om endringar i forskrifter på viltområde.

I viltressurslova er det lagt inn forbod mot bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel ved ordinær jakt (§ 26). Bruken av slike siktemiddel har ikkje vore lovregulert tidlegare og dei har difor vore nytta på jakt. Blant hjortejegerane i våre område har bruken av slike siktemiddel vorte utbreidd dei seinare åra, utan at vi veit det eksakte omfanget.

Ei av endringane i Forskrift om utøvelse av jakt felling og fangst, jaktutøvingsforskrifta, gir kommunane heimel til å fastsetje lokal forskrift som opnar for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel ved jakt etter hjort i ope terreng. For at kommunen skal kunne opne for bruk av slike siktemiddel til jakt på hjort må det være for å avverje alvorleg skade på natur- eller samfunnsinteresser som følgje av høg bestandstettheit. Om det vert opna for bruk av slike siktemiddel skal kommunen vurdere behovet for vidareføring av forskrifta kvart femte år, og kopi av vurderinga skal sendast Landbruksdirektoratet. Jegeren skal rapportere bruk av slike siktemiddel ved felling av hjort i Hjorteviltregisteret.

Definisjonar:

Termiske siktemiddel: Siktemiddel som fangar opp varmestråling og gjer den om til eit bilete.

Restlysforsterkande siktemiddel: Siktemiddel som forsterkar anten synleg eller ikkje synleg lys.

Ope terreng: Terreng som stort sett er fritt for hindringar. Dette kan for eksempel vere innmark, eller opne område i skog, som hogstflater, naturlege opningar utan høgt feltsjikt- og buskvegetasjon og område der skogen er høg og glissen.

Høyringa:

Utval for samfunnsutvikling vedtok den 09.07.2026 og sende framlegg til forskrift ut på høyring med frist 21.08. Det kom inn 16 høyringssvar.

Ikrafttredelse:

Ei eventuell forskrift trer fyst i kraft etter at den er kunngjort på lovtidend.

Svar på høyringa frå Johannes Kvalsvik, Johann Woldsund, John Kennet Bøe, Kenneth Espeseth, Kjartan Moltu og Stig Andre Kvalsvik.

Støttar framlegget om å kunne nytte seg av termiske og restlysforsterkande siktemiddel.

Svar på høyringa frå Gunlaug Karin Sandvik:

Støttar framlegget om å kunne bruke slike siktemiddel. Ho peika på at teknologien fører til færre ettersøk, ei sikrare og meir human jakt, samt at det er lettare å fylle kvoten. Sandvik meina at slike siktemiddel må kunne nyttast for å få redusert bestanden.

Svar på høyringa frå Kjell Olav Kleppe:

Støttar framlegget om å kunne bruke slike siktemiddel. Det vert peika på at tal ettersøk har blitt redusert, og at det viktigaste er at kvoten blir fylt på ein mest effektiv og human måte.

Svar på høyringa frå Magnus Enerhaug:

Støttar framlegget om å kunne bruke slike siktemiddel. Han skriv at slike siktemiddel gjer det lettare å bedømme alder, kjønn og trygg bakgrunn. Vidare peika han på at det er kvoten som bestemm kva dyr ein kan felle.

Svar på høyringa frå Øyvind Goksøyr:

Støttar framlegget om å kunne bruke slike siktemiddel. Han peika på at slike siktemiddel er eit bra hjelpemiddel for å kunne nå kommunen sine mål i hjorteforvaltninga.

Svar på høyringa frå Geir Flø:

Støttar framlegget om å kunne bruke slike siktemiddel. Han peika på at termiske og restlysforsterkande siktemiddel er gode hjelpemiddel for å kunne drive ei sikker og human jakt. God dyrevelferd og identifisering vert lagt vekt på i høyringsinnspellet. Det er og skrive at talet ettersøk har gått mykje ned.

Svar på høyringa frå Raymond Storvik:

Støttar framlegget om å kunne bruke slike siktemiddel. Han peika på at hjortestammen er aukande, og at omfanget av påkøyrslar og skadar på rundballar er aukande. Vidare skriv han at stammen regulerast gjennom bestandsplanar og ikkje utstyr, og at slike siktemiddel er gode hjelpemiddel for å felle dei rette dyra.

Svar på høyringa frå Indre Herøy storvald:

Støttar framlegget om å kunne bruke slike siktemiddel Det vert peika på at det er lettare å felle dei rette dyra, tida ein brukar på jakt vert redusert, tal ettersøk vert redusert og at ein har kontroll over dyret etter skotet.

Svar på høyringa frå Per Ove Voldsund:

Støttar ikkje framlegget om å kunne bruke slike siktemiddel. Han peika på at det ikkje er mykje hjort, og at hjorten må få fred om natta.

Svar på høyringa frå Rune Pettersen og Svein Henning Sydhagen:

Dei stiller spørsmål ved vurderingsgrunnlaget og behovet for å opne opp for slike siktemiddel. Dei meinar det må dokumenterast kva kriterie som ligg til grunn for høg bestandstettheit, og kva konkrete natur- eller samfunnsinteresser som er utsatt for alvorleg skade.

Svar på høyringa frå NOAH for dyrenes velferd:

Viser til dokumentasjonskravet om alvorlege skadar, og at ein høg tettleik av hjort ikkje bør vere nok til å opne for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel.

Landbruksdirektoratet har utarbeida ein rettleiar som kommunane kan bruke i arbeidet med forskrifta. I rettleiaren er det skrive at det må vere ein samanheng mellom målsetjingane til kommunen, og verkemiddelbruk. Vurderingskriteria som kan leggst til grunn for dokumentasjon på alvorleg skade er:

- Vurdering av bestandstettheit
- Bestandsmessige forhold
- Jordbruk
- Skogbruk
- Effektar av biologisk mangfald
- Hjortepåkøyrslar

Definisjonen av «alvorleg skade» er ein situasjon der skaden har nådd eller kan nå eit visst nivå, og det er ein skadesituasjon som inneberer betydelege skadekonsekvensar. Dette kan til dømes vere beiteskadar i stort omfang på jordbruks- og skogbruksareal der skaden vil innebere eit økonomisk tap for grunneigaren. Det kan og handle om skade på anna eigedom eller person som følgje av påkøyrslar i trafikken. Høg bestandstettleik kan føre til skade på dyrehelsa til dømes gjennom generell nedgang i slaktevekt eller sjukdomsutbrot i hjortebestanden. Det skal leggst større vekt på utviklinga av skader over fleire år enn på enkelte hendingar.

Vurdering og konklusjon:


Vurdering av høyringsinnspela:

For kommunedirektøren er det viktig å vise til Forskrift om utøvelse av jakt, felling og fangst § 29a, og rettleiaren frå Landbruksdirektoratet. Det som skal vurderast her er om termiske og restlysforsterkande siktemiddel er nødvendige for å hindre alvorlege skadar på natur- eller samfunnsinteresser som følgje av høg bestandstettheit.

Utifrå dette vert det lagt mindre vekt på høyringsinnspela som i stor grad omhandlar tema som går utanom dette.

Vurdering mot forvaltningsmål:


Forvaltningsplan for hjort Herøy kommune 2026 – 2028 har som mål at bestanden skal reduserast og stabiliserast på eit lågare nivå, samt at sett hjort per jegerdag ikkje skal overstige 2,5 i slutten av perioden. Sett hjort per jegerdag var i 2025 2,95, noko som er utanfor målet. I 2023 og 2024 var sett hjort per jegerdag 2,10 og 2,88. Utifrå at planen har som mål at bestanden skal reduserast og stabiliserast på eit lågare nivå, meiner vi at opning for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel er i tråd med målsetjinga.



Figur 1: Tildelte og felte dyr i Herøy kommune 2015-2025.

Vurdering av bestandstettheit:


I lang tid har det vore teke ut ei stor overvekt av hanndyr i Herøy. Dette saman med at det total sett er teke ut for få dyr i områda med mest hjort, følgene er at bestanden har auka. Siste åra har det blitt eit større fokus på å ta ut hodyr og kalv, og det har truleg ført til at bestanden har stabilisert seg. Det er per no lite som tyda på at bestanden har vorte vesentleg redusert. Kommunedirektøren er klar over at forskjellane mellom valda (og jaktfelte) er store, men han meiner det er grunnlag for å seie at bestanden er høg i kommunen. Områda som truleg har den høgaste tettleiken er store delar av Ytre Herøy hjorteviltområde, samt dei sørlege delane av Indre Herøy storvald.



Figur 2: Sett hjort per jegerdag i Herøy kommune 2015-2025.

Bestandsmessige forhold:

I Herøy kommune er det ein hjortebestand som truleg har ei overvekt med hanndyr, og det er mykje som tyda på at alderen på bukkane i kommunen er høgare enn i nabokommunane. Slaktevektene på kalv og ungdyr (1,5 år) held seg ganske stabilt.



Figur 3: Sett kolle per bukk, sett kalv per kolle og sett spissbukk per eldre bukk i perioden 2015-2025.

Jordbruk:

Det er ikkje dokumentert omfanget av beiteskadar på innmark i Herøy kommune, men det er rapportert om skadar fleire plassar i kommunen. Plassar som Kvalsvik, Runde, Frøystad og Tjørvåg er plassar der det tidlegare er rapportert om skadar. Med bakgrunn i at bestanden vert vurdert som høg i Herøy kommune, meiner kommunedirektøren at skadane er eller kan verte av alvorleg omfang. Store beiteskadar på innmark vil ha økonomisk betydning for den gardbrukaren som vert råka.

Skogbruk:

Det er ikkje dokumentert omfanget av beiteskadar på skog i Herøy kommune.

Effektar av biologisk mangfald:

Det er ikkje dokumentert omfanget av effektar på biologisk mangfald.

Hjortepåkøyrslar:

Hjortepåkøyrslar er eit stort problem i kommunen, og det er eit mål om at tal påkøyrslar skal reduserast betrakteleg. I den overordna forvaltningsplanen for hjort er det peika på at uttaket på Bergsøya og sørlege delar av Leinøya skal haldast på eit høgt nivå.

Forvaltningsplan for Herøy kommune 2026-2028.

Forvaltningsplanen for hjort vart godkjent i år, og består av mange av dei same vurderingane som er gjort i denne saka. Planen er difor lagt med som vedlegg.

Konklusjon:

Kommunedirektøren ser på det som hensiktsmessig å tillate bruk av restlysforsterkende og termiske siktemiddel i Herøy kommune fram til ein har oppnådd måla i den overordna forvaltningsplanen for hjort. Herunder å redusere bestanden, redusere tal påkøyrlsar og å halde beiteskadane på eit lågt nivå. Om dette er oppnådd til neste vurdering (om 5 år) vil det ikkje lenger vere grunnlag for å kunne ha ei eiga lokal forskrift som tillèt bruk av slike siktemiddel.

Likestillingsmessige sider ved saka: Ingen

Konsekvensar for folkehelsa: Ingen

Miljøkonsekvensar: Ingen

Økonomiske konsekvensar: Ingen

Beredskapsmessige konsekvensar: Ingen

Konsekvensar for barn og unge: Ingen

Trond Arne Rossi Aglen	Bjørnar Eikenes
Kommunedirektør	Sakshandsamar viltforvaltning